

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 10.02.2015
SAKSHANDSAMAR: **Lars-Johan Frøyland**
SAKA GJELD: **Stifting av Helse Vest Innkjøp HF**

ARKIVSAK: 2015/1486/
STYRESAK: **027/15**

STYREMØTE: **03.03. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret for Helse Vest RHF vedtar å stifte Helse Vest Innkjøp HF i samsvar med framlagde stiftelsesprotokoll.
2. Styret for Helse Vest Innkjøp HF blir sammensett slik :

Styreleiar	Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør Helse Vest RHF
Nestleiar	Eivind Hansen, økonomi- og finansdirektør Helse Bergen HF
Styremedlem	Berit Haaland, klinikkdirektør, Helse Fonna HF
Styremedlem	Bjørn Munthe, økonomi- og finansdirektør Helse Stavanger HF
Styremedlem	Jannicke Daae Tønjum, administrerende direktør, Sjukehusapoteka Vest
Styremedlem	Vidar Atle John Vie, viseadministrerende direktør, Helse Førde HF
Styremedlem	Louise Strand, Innkjøpsdirektør, Region Skåne, Sverige
Styremedlem	NN representant frå dei tilsette
Styremedlem	NN representant frå dei tilsette
Varamedlem	NN representant frå dei tilsette
3. Helse Vest Innkjøp HF skal vera 100 % eigd av Helse Vest RHF.
4. Som ledd i skipinga av Helse Vest Innkjøp HF skyt Helse Vest RHF inn eigenkapital på 5 millionar kroner.
5. Som revisor for føretaket blir Ernst & Young AS valt, organisasjonsnummer 974 824 779.
6. Helse Vest Innkjøp HF har forretningsadresse i Bergen kommune.

Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF fatta i sak 26/2015 vedtak om å etablere Helse Vest Innkjøp HF.

Denne saka gjeld stifting av Helse Vest Innkjøp HF. Helseføretakslova § 9 krev at styret i det regionale helseføretaket sjølv treff vedtak om å opprette eit helseføretak.

Vedlagt denne saka er stiftelsesprotokoll som inneheld dei elementa som skal til for å stifte eit helseføretak, inkludert vedtekter og styreoppnemning.

Oppgåver og dimensjonering

Helse Vest Innkjøp HF skal tilby gode innkjøpstjenester til helseføretaka i Helse Vest, og bidra til korrekte og økonomisk fordelaktige innkjøp til helseføretaka. For å kunne løyse oppgåvene sine, vil det vere viktig å utvikle ein god kunderelasjon til helseføretaka og til Helse Vest IKT AS, slik at desse, innanfor gitte rammer og standardar, opplever at innkjøpsføretaket gir meirverdi.

Når overdraging av verksemd er gjort, er det nye føretaket planlagt med ca. 50 stillingar. Ansvar for den vidare dimensjoneringa av føretaket ligg til det nye styret, og det må sikrast SLA-avtalar med helseføretaka og IKT selskapet.

Føretaksstyre

Som del av stiftinga av nytt helseføretak må det utpeikast eit styre. Ein gjer framlegg om at styret skal ha 7 eigaroppnemnde medlemmar. I tillegg vel dei tilsette 3 styremedlemmar med varamedlemmar.

Ein gjer framlegg om følgjande samansetning av styret :

Styreleiar	Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør Helse Vest RHF
Nestleiar	Eivind Hansen, økonomi- og finansdirektør Helse Bergen HF
Styremedlem	Berit Haaland, klinikkdirektør, Helse Fonna HF
Styremedlem	Bjørn Munthe, økonomi- og finansdirektør Helse Stavanger HF
Styremedlem	Jannicke Daae Tønjum, administrerande direktør, Sjukehusapoteka Vest
Styremedlem	Vidar Atle John Vie, viseadministrerande direktør, Helse Førde HF
Styremedlem	Louise Strand, Innkjøpsdirektør, Region Skåne, Sverige
Styremedlem	NN representant frå dei tilsette
Styremedlem	NN representant frå dei tilsette
Varamedlem	NN representant frå dei tilsette

For å sikre ei god forankring i helseføretaksgruppa, gjer ein framlegg om at fleire av styremedlemmane som blir nemnd opp av eigar blir rekruttert frå helseføretaka i regionen, medan Helse Vest RHF har styreleiar. I tillegg blir det peika ut eitt eksternt styremedlem.

Kva gjeld styremedlemmar vald av de tilsette, vil ein ikkje vere i stand til å få i stand eit formelt val ved stiftinga, fordi helseføretaket ved stiftinga er utan tilsette. Ein tek sikte på verksemdsoverdraging av tilsette og eventuelle rekrutteringar i løpet av 2015, og at val av dei tilsette sine styrerepresentantar vil skje så snart verksemdsoverdraginga er gjennomført.

Eksternt styremedlem og styremedlemmar valt av og blant dei tilsette mottar NOK 84.000,- i styrehonorar per år. Styremedlemmar tilsett i Helse Vest RHF eller i eit av helseføretaka mottar ikkje styrehonorar.

Driftsfinansiering

Helseføretaket vil ha driftskostandar basert på dei oppgåvene det skal ta i vare. Dei største kostnadane vil vere løn m.v. til dei tilsette. I tillegg kjem kostnadar som til dømes leige av kontorlokale og tenestereiser. Helseføretaket må være i stand til å etablere ein driftsorganisasjon som leverer innkjøpstenester kostnadseffektivt til rett kvalitet. Samstundes må Helse Vest Innkjøp HF kunne ta på seg strategiske utviklingsoppgåver etter oppdrag frå Helse Vest RHF.

Drifta av helseføretaket kan anten finansierast gjennom rammetilskot frå eigar, tenestebaserte prisar eller ein kombinasjon av desse.

I ein oppstartsfase ser ein det teneleg at føretaket i det vesentlege er rammefinansiert. Unntaket her er finansiering av dei tenestane føretaket sel knytt til anskaffing av medisinsk-teknisk utstyr (MTU) og til IKT. Desse anskaffingane er ofte prosjektorganisert. Ein gjer framlegg om at innkjøpstenester til MTU og IKT-anskaffingar blir finansiert på timebasis.

Kapitalisering av føretaket

Ved stifting av helseføretaket skal stiftaren gjere vedtak om, og innbetale ein innskotskapital. Ein gjer framlegg om at Helse Vest Innkjøp HF blir etablert med ein innskotskapital på NOK 5,0 millionar kroner. Kapitalen blir etablert ved kontantinnskot frå eigar. Framlegget om størrelse på innskotskapitalen er basert på ei vurdering av det kapitalbehovet føretaket vil ha og på risiko. Som nemnt ovanfor, vil den dagleg drifta i hovudsak bli finansiert gjennom rammetilskott, med innslag av timefinansiering for MTU og IKT prosjekt.

Val av revisor

Ein gjer framlegg om at Ernst & Young AS, org.nr. 974 824 779 blir valt som revisor for det nye føretaket. Viljeserklæring frå Ernst & Young AS ligg ved som vedlegg til stiftingsprotokollen.

Styringsmessige forhold

Helse Vest Innkjøp HF vil bli ei felles tenesteeining for innkjøp i regionen. God styring og oppfølging av verksemda er naudsynt for å sikre både økonomiske og kvalitative gevinstar. Føretaket må underleggjast god kostnadskontroll og internkontroll og det må være same krav til effektiv drift som det er i dei andre helseføretaka i regionen.

Vidare arbeid

Ein legg til grunn at dagleg leiar av selskapet blir konstituert inntil styret har rekruttert dagleg leiar på permanent basis. Ein rår til at permanent dagleg leiar er på plass før medarbeidarar blir flytta over i det nye føretaket (overdraging av verksemd).

Vedlegg:

1. Stiftelsesprotokoll
2. Viljeserklæring frå revisor